



FITJAR



**Planstrategi for Fitjar kommune
for perioden 2016-2019**

Innleiing.....	3
Overordna føringar for kommunen si planlegging	3
Kommuneplan: Arealplan	6
Kommuneplan: Samfunnsdel	7
Kommunedelsplanar: Øyane, Selevik, Strando	8
Planar for Helse, sosial og omsorgs-sektoren	12
Planar for Teknisk drift.....	16
Planar på landbruk og viltforvaltning.....	16

Vedlegg:

Oversikt over kommunale planar – status og prioritering.

INNLEIING

I juli 2009 trådte ny plan- og bygningslov i kraft. §10-1 er førande:

«Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode og senest ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske val knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Formannskapet vedtok den 22.01.16 å nedsette ei politisk prosjektgruppe for å leggje ein planstrategi for perioden 2016-2019. Det vart vedteke at Wenche Tislevoll, Dagfinn Brekke, Torstein Grimen og Grete Marit Veka Maraas skal delta i gruppa, og at utvala skal ha ei aktiv rolle i arbeidet.

FØREMÅL

Føremålet med ein samla planstrategi for heile Fitjar kommune er at kommunen får ein over-sikt over planbehovet dei neste fire åra. Gjennom prioritering av planarbeidet vil det vere mogleg å vurdera kva planar som skal startast opp og utarbeidast kvart år, slik at det kan setjast av midlar og ressursar til planarbeidet i budsjettet.

PRESISERING AV KOMMUNEN SITT BEHOV

Ein planstrategi for kommunen bør omfatta alle deler av kommunen sine aktivitetar der det vert kravd planar. Dette fordi det er kommunen sitt totale apparat som skal utarbeida og fylgja opp planar, og planar på eit område kan få fylgjer på andre arbeidsområde og for andre etatar. Samstundes må strategien på kvart enkelt område vera enkel, utan noko større analysar eller drøftingar. Dette for at framdrifta må vera realistisk. Dvs organisasjonen må ha moglegheit til å utarbeida planane, og fylgja opp i neste omgang.

AVGRENSING AV ARBEIDET MED PLANSTRATEGI

Planstrategien er ikkje tenkt å omfatta kommunen sine personalpolitiske planar, driftstekniske eller datatekniske planar, økonomiplanar eller planar som går på kommunen sin organisasjon. Ein tek ikkje sikte på noko større utarbeiding av analyser av behovsgrunnlaga, då det i seg sjølv er eit omfattande arbeid, og lett kan bli eit ressursmessig(kapasitet) hinder for å utarbeida sjølve planane.

Strategien blir dermed ei prioriteringsliste med definert framdrift. Men og eit dokument med oversikt over eksisterande planar, utgåtte planar, og behov for nye planar.

OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNEN SI PLANLEGGING

NASJONALE KRAV

Regjeringa har samla nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i kongeleg resolusjon av 12.06.15. Dei nasjonale forventningane skal

følgjast opp i arbeidet med planlegging i kommunane og dei skal bidra til at kommunane tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga. Planen kan etter behov vera kortfatta eller utarbeidast meir omfattande.

Som utgangspunkt vert krava frå «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*» lagt til grunn i det vidare planarbeidet i Fitjar kommune. Desse vert rullert kvart fjerde år, og periodens forventningar omhandlar følgjande tema:

Gode og effektive planprosessar:

- Enklare regelverk og betre samarbeid
- Målretta planlegging
- Auka bruk av IKT i planlegging

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling:

- Eit klimavenleg og sikkert samfunn
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse

Attraktive og klimavenlege by- og tettstodområde:

- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem
- Helse og trivsel

REGIONALE FØRINGAR

Regional planstrategi vart vedteke i Fylkestinget 12.12.2012. Arbeidet med rullering er starta opp. I arbeidet tek ein mellom anna omsyn til endringar i nærings- og yrkesstruktur, auka sentralisering med vekst i Bergen, ein eldre arbeidsstyrke, større bu- og arbeidsregionar, miljø- og klimaendringar, og at befolkninga vert stadig mindre fysisk aktiv.

Ved utarbeiding av kommunale planar må ein ta omsyn til dei til ei kvar tid gjeldande regionale planane. Regionale planer som gjeld no:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel 2015-2026
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan 2013-2017
- Regional plan for klima og energi 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Fylkesdelplan for små vasskraftverk. 2009-2021
- Regional Kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger – vedteken 2018, 5 kommunar klaga planen inn til KMD. (ikkje avgjort)

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM PLANARBEID

Felles planar for Sunnhordland vert som oftast handsama i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Desse kan vera juridisk bindande, men då etter vedtak i kommunen, eller av overordna styresmakt. Dei kan og vera friviljuge, og bind då berre kommunen i sama\svaret med vedtak i kvart einskild tilfelle.

Der kommunen finn det tenleg kan ein samarbeide om planarbeidet med andre kommunar. Desse planane er laga i samarbeid med fleire kommunar:

- Idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2009-2013 vedteken i Samarbeidsrådet 04.09.2009. Rullering pågår.
- Kommunedelplan for Strandsona er under arbeid i regi av Samarbeidsrådet. Det var planlagt vedtak i 2014. Motsegn frå Fylkesmannen gjer at arbeidet har teke lenger tid enn planlagt.
- Ny avfallsplan er under arbeid i regi av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk SIM.
- Oljevernplan, IUA beredskapsplan.

KOMMUNEPLAN: AREALPLAN

GENERELT

Kommunen vedtok i 2012 ny kommuneplan – arealdel, som gir viktige føringar på di fleste områda innan kommunen. Som vist nedanfor er det nokre unntak, der det er ynskjeleg med noko djupare analysar og inngrep. Dette vert fremja med kommunedelplanar, på områda Øyane krins, Strandsoneplan, Selevik krins, Strando krins(E 39), og Sentrum Nord/Sjøsida.

LANDBRUK:

Den tradisjonelle landbruksproduksjonen i Fitjar er basis for næringslivet, busettinga, kulturen og levemåten i kommunen. Med eit mildt klima og lang vekstsesong har Fitjar eit særleg godt landbruksareal. Jordvern er eit prioritert område frå sentralt hald. Det er utført ei kartlegging av kjerneområde for landbruk i samband med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Denne prioriteringa av areala er eit godt grunnlag for å unngå nedbygging, oppstykking av jorda, og verditap i kulturlandskapet. Kommunen ynskjer difor ikkje å gå meir i detalj på dette området.

VASSOMRÅDE:

Vassdrag er eit aktuelt tema for Fitjar kommune. Kommuneplanen sin arealdel har ivareteke viktige vedtak om kor strandlova sitt verkeområde kjem inn i Fitjar. Det er og gjennom ROS analysar vedteke kva regelverk som skal leggjast til grunn ved tiltak nær elvar. I 2015 vart det vedteke ein forvaltningsplan for vassregionen Sunnhordland, som går til 2021. Fitjar kommune deltok i utvalet for Vassområde Sunnhordland.

PLANLEGGING I SJØ

Planlegging i sjø var òg eit viktig fokusområde i arealplanarbeidet for kommunen. Fiskeområde og kastevågar er stort sett oppretthaldne uendra. Tettleik av oppdrettsanlegg vart ikkje drøfta særskilt, men ein handsama alle innspel som kom på nye lokalitetar, og oppnådde gode lokaliseringar. Kommunen føretok likevel ikkje ei systematisk kartlegging av ulike oppdrettssonar då det ofte er nasjonale eller regionale vurderingar som vert lagt til grunn ved plassering av slike anlegg.

Fitjar kommune har vore med i ressursgruppe for Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, denne legg overordna føringar og til dels detaljerte planar for sjøområdet vårt. Kystsoneplanen vart vedtatt i Fylkestinget i 2017 men er klaga inn til Kommunal- og moderniserings-departementet av 5 kommunar i Shl. deriblant Fitjar.

Næringa er i stor utvikling, og nye moderne oppdrettsanlegg vil dermed kunna bli ein viktig problemstilling i det vidare arbeidet.

NÆRINGSOMRÅDE:

Planlegging av nye næringsområde er ivareteke i arealdelen, og ved vedtaking av eigne reguleringsplanar. Dei eksisterande næringsområda i Håkonar næringspark ved Årskog, Hegreneset, Stokken og Sjoareset er utvida. Nye næringsområde er lagt inn i planen ved Sandvikvåg og på Landa. Næringsområda ved Tindane og Raunholm vart i 2012 vurdert som urealistiske og tekne ut. Ein ser ikkje for seg at det er nødvendig med nye vurderingar på dette område.

Erfaringar frå avdeling for plan og bygg viser at delar av arealdelen i kommuneplanen sine føresegner skapar unødig byråkrati og meirarbeid i søknadsprosessar. Det er difor ynskjeleg med ei enkel revisjon av desse føresegnene, for å forenkla og forkorta søknadstid mv. for innbyggjarane.

BY- OG TETTSTADUTVIKLING

Fitjar har eit naturleg sentrum, definert som Fitjarsjøen og dei naturlege områda ikring. Sentrumsplanen blei vedteken i 2007. Ny reguleringsplan for deler av sentrum med kryssløysing og tilhøyrande infrastruktur blei vedtatt i 2017. Arbeidet med krysset, miljøgate og kollektiv-terminal startar opp hausten 2018. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som arbeider med utvikling av sentrumsområdet på sjøsida.

Medrekna bustadfelt i Fitjarstølane og Vestbøstad utgjør sentrum kring 50 % av innbyggjarane i Fitjar, og prosenten er veksande. Eldre sentrumsfunksjonar ved Koløyholmen er borte, utan at det er etablert nye, noko som heller ikkje er ynskjeleg.

Realismen tilseier at Fitjar berre vil ha ein tettstad i overskueleg framtid, Fitjarsjøen, og det er heller ikkje naturleg å planleggja for noko anna. Fitjar sentrum er tilfredsstillande avgrensa, slik at det ikkje vert sett i gang noko meir planlegging av dette i denne perioden.

INFRASTRUKTUR

Med infrastruktur meiner ein vegar, anlegg for produksjon og framføring av energi, vatn- og avløpsanlegg, kaiar og viktige farleier, anlegg for kommunikasjon, nødvendige næringsbygg og område for bustader. Kommuneplanen sin arealdel inneheld ei tilfredsstillande planlegging av desse anlegga. Det er i planen avsett areal, eller lagt omsynsområde, kring viktige framtidige byggjeområde for veg, næring, bustader og hytter. Arealplanen inneheld ikkje område for nye VA- infrastruktur, som ein ikkje ser nødvendig å innarbeida på kommuneplannivå. Vassforsyning er sikra gjennom tidlegare planar og oppretthalde. Detaljar i planlegging av ny infrastruktur vert å gjennomføra i eigne planar for desse områda, jf teknisk infrastruktur. Arealplanen inneheld heller ikkje område for ny infrastruktur innan tele- eller datakommunikasjon, som ein ikkje ser nødvendig å innarbeida på kommuneplannivå.

KOMMUNEPLAN: SAMFUNNSDEL

Kommuneplan sin samfunnsdel har ikkje vore rullert sidan 1999. Ved rullering av arealplanen i 2003 og vurderingane til ny arealdel i 2011/12 la ein likevel til

grunn ei rekkje nye trendar i samfunnsstrukturen i Fitjar. Mellom anna er det lagt til grunn gode vurderingar av sentrumsareal i Rimbareidkrinsen.

Ein oppdatert samfunnsdel framstår i dag som eit sagn, og det er ynskjeleg at ny samfunnsdel vert planlagt gjennomført i inneverande periode. Ein vedteken samfunnsdel vil fungere som eit viktig styringsdokument for administrasjonen.

KOMMUNEDELSPLANAR: ØYANE, SELEVIK, STRANDO

FELLES:

Arbeidet med kommuneplanen viser at det vil vere trong for å oppdatere ein del område med kommunedelplan før det er aktuelt med ny gjennomgang av kommuneplanen. Dette gjeld Øyane krins, Selevik krins og eventuelt for Strando krins i tilfelle ny trase for ny Kyststamveg (E39) som i dag går igjennom krinsen.

KOMMUNEDELPLAN FITJARØYANE

Planverket i Øyane krins vart ikkje gjennomgått ved rullering av kommuneplanen i 2003. Ein vidareførte då informasjon og vedtak som vart lagt til grunn frå førre kommuneplan frå 1999. Rulleringa av kommuneplanen i 2011/12 inneheld ein god del arbeid om øyane.

Parallelt med arbeidet med Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland, starta ein opp arbeidet med Øyaplanen. Ei utvida arbeidsgruppe blei satt ned. Det har vore innspelsrunde med grunnlag i Strandsonenplanen, vore halde folkemøter og synfaring med overordna mynder. Strandsonenplanen har dratt ut i tid, mykje grunna motsegn frå Fylkesmannen, i påvente av dette stansa arbeidet med Øyaplanen opp.

Det er også gjort nytt vedtak om oppstart av kommunedelplan for Fitjarøyane, der tema om akvakultur blir tatt med i planen. Regional Kystsonenplan vil også danne eit overordna grunnlag for Øyaplanen (ved godkjenning i KMD).

SELEVIK KRINS

Selevik er prega av dugnadsinnsats med tanke på etablering av arbeidsplassar og bustadfelt og har hatt folketalsauke dei siste åra. Skulen er ein liten institusjon i bygda. Det har blitt tatt initiativ overfor Fitjar kommune om planlegging av ny tilkomstveg til Selevik og tankar om nytt bustadfelt.

Utfordringane i krinsen er fleirdelte, særleg vegutfordringane er aktuelle. Dette er ein fylkesveg(FV 72) som kjem inn i krinsen frå sør gjennom Stord med avkjøring frå FV 545 frå Petterteig. Vegen er ca. 4 km, der halvparten er i kvar kommune. Vegen er smal og kronglete. Vegen i Stord er svært smal har bratte parti, og inneheld møteplassar som til dels blir brukt til parkering for hyttebuarar.

Dei innbyggjarane i krinsen som skal til eigen kommune, må kjøra 5-6 km gjennom Stord, før dei kjem inn i Fitjar att. Arealet i Stord er stort sett knytt til hytter pluss eit fiskeklekkeri.

Vegtilhøva gir behov for ein felles gjennomgang med Stord kommune og Hordaland fylkeskommune omkring vurderingar og tiltak.

Det har tidligare vore ynskje å få ny tilførsleveg frå nord og det er lagt inn 2 aktuelle omsyns-område for ein slik veg i Fitjar sin kommuneplan. I ettertid er ny tilførsleveg frå sør meir aktuell, då ein antar at dei fleste pendlar til Stord når det gjeld arbeid.

I Stord er det ikkje fastbuande nedanfor Petterteig. Satsing på hytter i Stord og heilårsbustader i Fitjar har ført til noko ulik vekting av planar i dei to kommunane. Ved ei felles vurdering kan kommunane semjast om framtidige strategiar.

Dåfjorden er elles eit felles sjøbasseng for Stord og Fitjar kommunar. Kommunegrensa går på langs midt igjennom nordre del av fjorden. Forvaltning av fjorden er såleis eit felles ansvar for Stord og Fitjar.

Både ut frå vegomsyn, framtidig bruk(hytter eller hus) og ut frå forvaltning av fjorden, er det ynskjeleg med ei felles planlegging i begge kommunane. Dette kan løysast med ein felles kommunedelplan som gjeld for areala i begge kommunane.

Planstrategi for Stord kommune viser oppstart kommunedelplan/ reguleringsplan Dåfjordvegen 2018, felles med Fitjar. Planen skal takast opp att i planstrategi som skal vedtakast innan oktober 2020.

EVENTUELL KOMMUNEDELSPLAN FOR STRANDO KRINS, TILKNYTT E39.

E39 går i dag gjennom Fitjar frå kommunegrensa mot Stord sør for Eide og til Sandvikvåg. Planprogram for E39 Stord – Os viser bru over Langenuen anten ved Jektevik eller ved Raunholm. Blir det kryssing ved Jektevik vil det ikkje verta europaveg i Fitjar.

Strando krins består av ei smal landhulle med noverande E 39 som og har funksjon som lokalveg. Ein ny veg med europavegstandard vil leggja beslag på nye store areal. Ein kan ikkje leggja band på store område i ein situasjon som er noko uviss med omsyn til om tiltaket kjem, og kva tid. Det er difor rett å ta stilling til ein eventuell kommunedelplan for Strando når ein kjenner vedtaka for ny trase for E39. Ein bør heller ikkje tidfesta ein slik plan no, før ein kjenner framdrifta for vegen.

REGULERINGSPLAN/DELPLAN – SENTRUM NORD/SJØSIDA

Kommunestyret vedtok i 2015 å setje ned ei gruppe som skal arbeide med sentrumsutvikling på sjøsida/hamneområdet i Fitjar sentrum. Arbeidet er å rekna som eit forarbeid til ei ny detaljregulering for deler av Fitjar sentrum. Det er naudsynt med detaljplan om ein skal få realisert nye prosjekt i området og arbeidsgruppa rår difor til at oppstart av planarbeidet haust 2018.

KLIMA- OG ENERGIPLAN

Gjeldande planen ble vedteke i juni 2009, og er ikkje tidsbegrensa. Hovudmål i planen er at «Fitjar kommune skal ta i bruk dei verkemiddel ein rår over for å redusera utslepp av klimagassar og fokusera på fornybare/alternative energikjelder». Føresetnaden for å nå hovudmålet ligg i lokal politisk vilje og handlekraft, men er også knytt opp til statlege rammevilkår og auke energifleksibilitet og bruk av alternative energikjelder.

Planarbeidet vart organisert med tanke på å skape eigarskap både politisk og hjå dei aktuelle avdelingane i administrasjonen, i tillegg til aktuelle næringsaktørar i kommunen. Dette har likevel ikkje ført til den ynskjelege oppfølginga, til tross for at planen er fylgt opp med eigen handlingsplan. Det er til no ikkje sett av pengar i budsjettet til oppfølging av handlingsplanen, men kommunen har blitt ein Miljøfyrtårnkommune og har støtta opp om klimakampanjar. Kommunen har også halde fram med å setja i verk ENØK-tiltak i drifta for å få ned energibruken.

BIOLOGISK MANGFALD

Biologisk mangfald vart grundig vurdert i kommuneplanprosessen. Det er såleis ikkje aktuelt å laga nokon eigen plan på dette området, før rullering av ny arealdel. Ein føreset likevel at krava til biologisk mangfald vert fylgt opp i kommunal planlegging og anna relevant sakshandsaming.

UTSLEPPSPLANAR/REGELVERK FOR PRIVATE UTSLEPP

Den lokale forskrifta fungerer etter hensikta, og der soleis ikkje eit eige behov for revisjon. Rullering kan vurderast i samband med rullering av areal- og samfunns-delen av kommuneplanen.

OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

Kommunen har ein ROS-analyse frå 2014, som vart utarbeidd i samarbeid med Stord kommune. Planen er framleis godt oppdatert og aktuell, og det er ikkje behov for å endra hovudtrekka i denne. Det er likevel behov for ei oppdatering, som skal skje kvart 4. år. Også rulleringsarbeidet bør skje i samarbeid med Stord kommune.

PLAN FOR ATOMBEREDSKAP I FITJAR KOMMUNE.

Gjeldande plan for atomberedskap byggjer på mal frå fylkesmannen, tilpassa FK. Ein vurderer planen som tilfredsstillande. Det er ikkje aktuelt å vurdere ny plan i perioden.

KOMMUNEDELPLAN: KULTURMINNEPLAN

Målet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning.

Dette skal ein oppnå ved å: gjennomføra ei registrering av faste kulturminne, foreta ei verdivurdering av dei registrerte objekta i samarbeid med eksterne fagpersonar, utarbeida ein forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne, og vurdere å sikra eit sterkare vern for objekt som i dag har eit svakt juridisk vern.

Kulturminneplanen vart vedteken i 2015 og gjeld fram til 2025. Hovudtrekka i planen treng ikkje endrast, men deler av planen bør rullerast.

KOMMUNEDELPLAN FOR ANLEGG OG OMRÅDE FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV

For å fremja fysisk aktivitet og folkehelse er tilrettelegging av og tilgjengelegheit til idrettsanlegg, ulike aktivitetsarena og aktivitetstilbod ein vesentleg del av kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid. Det er også ein føresetnad at kommunen har ein slik plan dersom ein skal ha rett til søkje om spelemidlar til anlegg for idretts- og friluftsliv .

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv vart vedteken i 2014 og gjeld fram til 2024. Hovudtrekka i planen treng ikkje endrast, men deler av planen bør rullerast.

TRAFIKKSIKRINGSPLAN

Kvar kommune skal ha ein kommunal trafikksikringsplan. I Fitjar skal denne planen omfatta E- 39, som er statleg, fylkesvegane 545, 75, 72 og 71, samt ei rekkje kommunale vegar. Planen kan og omfatta private vegar etter nærare avtale.

Måla skal ein prøva å nå mellom anna ved å:

- Arbeida for å sikra alle vegane i kommunen.
- Arbeida aktivt for fleire gang- og sykkelvegar
- Prioritera haldningskapande tiltak i barnehagar og skular.
- Etablera gode trafikale haldningar mellom ungdom, og ivareta opplæring for denne aldersgruppa.
- Gjennomføra tiltak for eldre; som å kartleggja og rusta opp busshaldeplassar med buskur og lys, sikra mjuke trafikantar i Fitjar sentrum, og å definera og prioritera transportkorridorar for eldre.
- Løpande gjennomføra mindre fysiske sikringstiltak med stor "verknadsgrad".

Trafikksikringsplanen vart vedteken i 2014 og gjeld fram til 2022, og er vurdert som tilfredstillande.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN:

Fitjar kommune skal utarbeida ein strategisk næringsplan, som skal vera ein redskap for heilskapleg næringsutvikling. Planarbeidet skal utførast av ei arbeidsgruppe med representantar frå næringsliv, politikarar og kommunen.

Planen skal mellom anna ha fylgjande føremål:

- Å styrkja næringslivet i kommunen.
- Konsentrera aktivitet til saker som er viktige for næringslivet i kommunen.
- Etablera ein næringspolitikk (Visjon, mål og tiltak) som politikarar, administrasjon og næringsliv er samde om.
- Etablera eit forum for aktivt samarbeid mellom ulike aktørar.

Den strategiske næringsplanen vart vedteken i 2014 og gjeld fram til 2018. Planen er tilfredsstillande, og vert føreslått prolongert til 2020.

PLANAR FOR HELSE, SOSIAL OG OMSORGS-SEKTOREN

PLAN FOR FOLKEHELSEARBEIDET I KOMMUNEN

I lov om folkehelsearbeid går det fram at kommunen skal fremje folkehelse gjennom planlegging. Den store helsereforma "Samhandlingsreforma" og hovudbodskapen i reforma er å dreie utgiftene i Helsenorge frå behandling til førebygging av sjukdom.

Folkehelseperspektivet er også løfta opp som viktig del av Samhandlingsreforma, både generelt og spesielt. Folkehelseperspektivet er ikkje lenger berre eit helsesektor ansvar, men skal inn som del av alle planer, saksførebuingar i alle kommunale sektorar.

Til tross for at det kan være behov for ein plan på områder ser ein ikkje at det er kapasitet til å utarbeide ein eigen plan for folkehelsearbeidet i denne planstrategiperioden. Seniorrådgjevar deltar i ei interkommunal arbeidsgruppe for samordning av folkehelsearbeid.

PLAN FOR SOSIALE TENESTER I KOMMUNEN

Ein slik plan omfattar plan for sosiale tenester i arbeids- og velferdsetaten(NAV). bustadsosial handlingsplan, og rusmiddelpolitisk handlingsplan med vedtekter for alkoholomsetnaden.

Ein har per i dag ikkje ein plan for sosiale tenester (NAV), arbeidet vert dreve i tråd med statlege føringar. Ein ser behovet for ein plan på dette området, som også bør innehalde tiltak mot utvikling av barnefattigdom i kommunen.

Den bustadsosiale handlingsplanen var gjeldande frå 2011-2015, og vert i hovudtrekk vurdert som tilfredstillande. Tiltaksdelen av planen har vorte vurdert rullert.

Kommunen sin ruspolitiske handlingsplan og vedtektene for alkoholomsetnaden gjeld frå 2016-2020, og vert vurdert som tilfredstillande.

PLAN FOR HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP

Dagens plan gjeld for perioden 2006 – 2012, og består av delplanar som smittevernplan, plan for vald i nære relasjonar, plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar og ROS –analyse for helseområdet.

Deler av planane har vorte revidert, og innhaldet kan nyttast. Planen som heilheit bør likevel oppdaterast.

OMSORGSPLAN 2012 - 2020

Dette er ein stor og viktig plan for dei framtidige helse- og omsorgstenestene i kommunen, og omfattar fylgjande delplanar og utgreiingar:

- Plan for organisering av helseetatane; legeteneste/legevakt, helsestasjon, fysioterapitenester og øyeblikkeleg hjelp- døgntilbod/senger(2016).
- Plan for samordning av pleie – og omsorgstenester (jfr. Deloitte rapport)

Institusjonstenester

- Rehabilitering
- Korttidsopphald
- Avlasting i institusjon
- Langtidsopphald for demente
- Langtidsopphald for andre eldre med store omsorgsbehov
- Øyeblikkeleg hjelp tilbod i institusjon i frå 2016

Heimebaserte tenester

- Omsorgsbustader
- Tenester til psykisk utviklingshemma
- Tenester til yngre funksjonshemma
- Tenester til eldre
- Tenester til psykisk sjuke (rus)

PLAN FOR ORGANISERING AV HELSEETATANE

Planen skulle omfatta legeteneste/legevakt, helsestasjon, fysioterapitenester og øyeblikkeleg hjelp- døgntilbod/senger(2016). Arbeid med legetenesta, legevakt og øyeblikkeleg hjelp/døgntilbod er starta opp gjennom interkommunalt samarbeid. Dette arbeidet er no avslutta, med opning av det interkommunale tilbodet, nytt legesenter, og tilpasning av drifta på helsestasjonen i tråd med nye nasjonale føringar.

PLAN FOR SAMORDNING AV PLEIE – OG OMSORGSTENESTER:

Dette blir eit stort og omfattande planarbeid, som skal ha som mål å forme dei framtidige omsorgstenestene i kommunen for alle grupper med omsorgsbehov.

”I september 2006 la regjeringen fram St. meld. nr. 25 (2005-2006) ”Mestring, muligheter, mening”. Regjeringen hovedstrategi for å møte morgendagens omsorgsutfordringer er å utnytte den demografisk sett relativt stabile perioden vi ha foran oss til en gradvis utbygging av tjenestetilbudet, og til å planlegge og forberede den raske veksten i omsorgsbehov som forventes omkring 2020.”

For å møte omsorgsutfordringane i framtida har regjeringa utforma fem langsiktige strategiar og ein omsorgsplan med konkrete tiltak fram til 2020. Dei viktigaste innsatsområda er: Kapasitetsvekst og kompetanseheving, samhandling og medisinsk oppfølging, planlegging, forskning og kvalitetsutvikling, aktiv omsorg med vekt på kultur og sosiale forhold og partnerskap med familie og lokalsamfunn

Sjukeheimen:

Kommunen har bygd om den eine avdelinga til ny god standard og drifta er auka – ein har hatt kapasitet til selje sengeplassar til Stord dei siste åra. Det blir starta ombygging av 2 demesavdelingar ved FBB hausten 2018. Etter ombygging legg ein opp til meir effektiv drift og færre plassar. Ombygginga vert delfinansiert ved investeringstilskot frå Husbanken.

Heimebaserte tenester

Kommunen vil leggja vekt på ytterlegare auke i tilbod i heimen, som alternativ til plass i sjukeheim, og kommunal omsorgsbustad. Dette med tanke på utfordringane i høve aldersutviklinga i befolkinga.

Psykisk utviklingshemma:

Kommunen har i siste 5 års perioden auka omsorgstenesta i stort mon når det gjeld ressurstilføring, især mot einskildpersonar med psykisk utviklingshemming.

Omsorgsbustader:

Dette er ein del av heimebaserte tenester. Havnahuset omsorgssenter var bygt i 1999 og føyd saman med ein tidlegare aldersheim frå 1985. Her er mange ulike grupper med omsorgsbehov samla i ulike fløyar/etasjer. Havn Burettslag er ein bygning i same området, med 12 bustader. Her bur personer både med mykje bistand og utan bistand. I samband med planen må ein gå gjennom eksisterande bruk av desse, og vurderer framtidig bruk opp mot behov for nye bygg.

Demensomsorg:

Kommunen har sett demensomsorg på agendaen, og har einingar på sjukeheimen for denne type pasientar. Ein har også demensteam, med dagsenter for demente. Dette arbeidet vil bli utvida.

PLANAR FOR SKULE OG OPPVEKST-SEKTOREN

SKULEBRUKSPLAN

Gjeldande skulebruksplan gjeld for perioden 20014–2018. Innhaldet i planen omfattar følgjande hovudemne:

- Overordna føringar for grunnskulane i Fitjar kommune t.d. nasjonale føringar i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet og ev. kommunale utviklingsmål for skulane i kommunen.
- Skulestruktur og elevtalsutvikling i kommunen.
- Skulebygningar i Fitjar.
- levane sitt fysiske og psykososiale læringsmiljø
- Ressursar til undervisning
- Elevane sitt læringsutbytte
- IKT i skulen
- Skulefritidsordninga i Fitjar kommune
- System for kvalitetsvurdering for skulane i Fitjar
- Den kulturelle skulesekken og samspel mellom grunnskule og kulturskule i kommunen.
- Overgangsordningar og samarbeid mellom barnehage og skule.
- Kompetanseutvikling og rekruttering.

Arbeidet med skulebruksplanen er i gang. Planen vert sendt på høyring i juni og er planlagt vedtatt i oktober 2018.

UTVIKLINGSPLAN FOR FITJAR KULTURSKULE

Utviklingsplan for Fitjar kulturskule, «Kulturskule for alle» gjeld for perioden 2013 – 2015. Planen har behov for rullering. Hovudmålet var å oppretthalda drifta av kulturskulen slik han er i dag, og at det skal leggjast til rette for utviding av eksisterande tilbod og oppretting av nye.

Kulturskulen skal yta tenester til kommunen sine innbyggjarar, til skular, barnehagar og til lag- og organisasjonslivet i kommunen. Kulturskulen skal gi plass til alle som ynskjer tilbod innafor dei aktivitetane den gjev tilbod om. Kulturskulen skal gje undervisning innafor eit vidt spekter av kunstfaglege aktivitetar som musikk, dans, drama og bildande kunst. For å få til ei kunstfagleg utvikling skal kulturskulen leggja vekt på samarbeid med andre utdannings- og kunstfaglege institusjonar

REVISJON AV PLAN FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Gjeldande plan er av eldre dato. Den legg til grunn Hordaland fylkeskommune sine mål for «Den kulturelle skulesekken» Ut over desse er det utarbeida ein tverrfagleg lokal plan som seier at kommunen skal *«utvikla den kunstnariske og kulturelle dimensjonen i læringsarbeidet i skulen. Alle born skal i løpet av skuletida si få oppleve kunst og kultur av høg kvalitet. Dei skal bli kjent med kunst og kultur i nærmiljøet sitt. Dei skal vera aktive i læringsprosessen»*. Planen er moden for revisjon.

PLAN FOR BARNEHAGETILBODET I FITJAR KOMMUNE

Noverande barnehageplan gjaldt fram til 2016. Den har som målsetjing å skaffa oversyn over behov for barnehageplassar i framtida og greia ut ulike måtar å løysa dette på. Planen skal vera ein heilskapleg plan der ein søkjer å ta med alle aspekt ved barnehagedrifta i kommunen. Planen har behov for revisjon.

RULLERING AV PLAN FOR SPESIALPEDAGOGISK SAKSHANDSAMING

Dagens plan vart vedteken i 2009. Planen er ikkje tidfesta i høve til rullering. Planen har ein svært tydeleg oppbygning, med hovudfokus på sentrale omgrep innan spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp og oppgåver og lovverk. Vidare gjer planen greie for prosedyrar i høve til saksgang og rutinar ved læringsproblem og lovverket med hovudfokus på § 5 – 1 i Opplæringslova. Planen har behov for rullering.

PLANAR FOR TEKNISK DRIFT

HOVUDPLAN FOR AVLØP OG VATN

Gjeldande plan er utgått, og det er behov for ein ny plan. Verbal føring i budsjett 2018 ber om at det vert opprett ei arbeidsgruppe som skal arbeida med ein hovudplan for vant og avløp i Fitjar. Det vart løyvd kr 250 000,- til arbeidet. Arbeidet lyt prioriterast.

HOVUDPLAN FOR KOMMUNALE VEGAR

Kommunen sin hovudplan for kommunale vegar er av eldre dato, og er moden fore revisjon. Det er aktuelt å ta over nye kommunale vegar/gangstiar, særleg knytt til nye byggjefelt. Det kan og vera aktuelt å nedklassifisera eldre kommunale vegar som ikkje lengre er i almenn bruk. et må utarbeidast prioriteringsliste over tiltak på eksisterande vegar. Ein ser imidlertid at ein ikkje har kapaistet til å prioritere arbeidet i denne planstrategiperioden.

VEDLIKEHALDSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG

Fitjar kommune har ikkje formalisert ein felles vedlikehaldsplan for kommunale bygg, slik at ein i stor rad fyl lokale "planar" på ulike bygg, og elles føretekt vurderingane i dei årlege budsjettvurderingane. Det er ynskjeleg at det blir utarbeidd ein felles plan i inneverande planstrategiperiode.

PLANAR PÅ LANDBRUK OG VILTFORVALTNING

LANDBRUKSPLAN 2017-2025

Dette er ein felles plan med Stord. Landbruksplanen vart utarbeidd etter ein omfattande prosess, der alle fagpersonar ved kontoret, faglaga og sentrale politikarar deltok. Kommunen ser difor ikkje trong for revisjon av landbruksplanen i denne planperioden.

FORVALTNINGSPLAN FOR HJORT

Planen vart vedteken i Fitjar kommune i 2017. Det er ein felles plan for Fitjar og Stord, som inneheld målsetjingar, bestandstruktur og aktuelle tiltak. Planen er tilfredsstillande.